

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------------------------------|------|------------|
| 021/17 | Førebuande fellesnemnd - ny kommune | PS | 24.04.2017 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------------|------------|
| Ørjan Raknes Forthun | 16/3602 |

Val av representant til førebuande kyrkjeleg fellesnemnd

Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd vel som representant til førebuande kyrkjeleg fellesnemnd:
.....
..... (vara)

.....

Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 021/17

FELLES - behandling:

Følgjande kandidatar vart fremma som fellesforslag:

Else Marie Dale

Vara:

1. Leif Hosøy Sleire
2. Sølvi Knudsen

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FELLES - vedtak:

Førebuande fellesnemnd vel som representant til førebuande kyrkjeleg fellesnemnd:

Else Marie Dale

Vara:

1. Leif Hosøy Sleire
2. Sølvi Knudsen

Saksopplysningar:**Bakgrunn:**

Fellesråda/sokneråda i Lindås, Radøy og Meland får i oppdrag å slå seg saman til eitt fellesråd frå 1.1.2020 som ei følgje av at dei tre kommunane blir til ein frå same tidspunkt. I haust var det eit møte med representantar frå alle tre fellesråda/sokneråda, men etterpå har prosessen i kyrkja lagt på vent. Kyrkjeverjene og representantar frå stab har vorte kursa. No er det på tide å kome i gang att og det har blitt kalla inn til eit møte i det vi må kunne kalle førebels kyrkjeleg fellesnemnd. Oppdraget er å førebu prosessen med samanslåinga, og kyrkja må forholde seg til inndelingslova og kopierer i stor grad prosessen i kommunen. Etter vedtaket i juni kan råda utnemne ei kyrkjeleg fellesnemnd som kan gjere vedtak på vegne av fellesråda. I denne bør det/skal det vere ein kommunal representant utnemnd av den kommunale fellesnemnda, og helst ein som sit i den kommunale fellesnemnda for å lette informasjonsflyten og effektiviteten i prosessane.

Saksutgreiing:

Fellesråda/sokneråda i kommunane som skal slåast saman skal òg gjennomføra ein prosess som i stor grad samsvarer med prosessen til kommunane. For å igangsetja prosessen ynskjer fellesråda/sokneråda i dei tre kommunane om å setja ned ei førebuande kyrkjeleg fellesnemnd. I det sambandet har dei retta ein førespurnad til leiar av førebuande fellesnemnd om å oppretta ein representant med vara til å sitja førebuande kyrkjeleg fellesnemnd.

Økonomiske konsekvensar:

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.

.....